

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLER SIN KOMMENTAR TIL MERKNADAR OG UTTALE - OPPSTART

Plannavn	Detaljregulering for Storskjeret, Del av gbnr. 30/23, m.fl, Masfjorden kommune
PlanID.	4634-20200005
Saksnummer	
Utarbeidet av	Arkoconsult AS
Datert/Revidert	25.01.21

Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillers kommentarar
1. Den Norske Kyrkja, 09.06.2020	<p><i>Under gjerast det kunn greie for hovudpunkta i merknadar/uttale, sjå vedlagt fullstendig merknadar.</i></p> <p>Bispedømerådet har merknadar til planen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1.) All bygging nærmare enn 60m inkl. vegar, skal godkjennast av Biskopen. Dette må inn i evt. føresegn. Sandnes kyrkje er listeført som verneverdig, delar av Masfjorden kyrkjestad er automatisk freda kulturminne. 2.) Bispedømerådet viser til notat frå Vestland fylkeskommune der det mellom anna står: «Vestland fylkeskommune rår til at det vart lagt inn ei omsynssone c (SOSI-kode H570) med retningsliner og føresegn jf. §12-7, nr. 6 for kyrkja og omgjevnaden rundt denne. Omsynssona bør og omfatte areal i sjø for å sikra samanhengen i landskapet og siktliner utover sjøen.» Vidare står det i notatet: «Vestland fylkeskommune rår ifrå tiltak som kan bryta samanhengen mellom kyrkja og sjøen, og som kan verke utilbørleg skjemma på kulturmiljøet.» 3.) På bakgrunn av ovannemnte meiner Bispedømet at planlagd tiltak vil vera i strid med nasjonale kulturminneinteresser og ikkje bør gjennomførast. 	<ol style="list-style-type: none"> 1.) Det vart lagt inn ei omsynssone med 60 meters avstand frå kyrkja for å ivareta området mot kyrkjegarden. Etter dialog med kulturminneavdelinga til Vestland Fylkeskommune vart det avtala at denne omsynssona ikkje var naudsynt ettersom omssynssona kun råka vegareal og eksisterande naust innanfor planområdet 2.) Det er ikkje lagt inn omsynssone i sjø for å ta omsyn til kyrkjegarden, men det er lagt inn ei omsynssone som er vidareført frå Bruplanen for å ta omsyn til dei Båttstøene som ligg i nærleik til BKB føremålet. Ein har og lagt inn ei buffer sone som skapar «luft» mellom butikk/BKB og H570 sona. 3.) Det er laga gode illustrasjonar av mogleg utforming av butikk/forretning/bustad. Desse illustrasjonane er rettningsleiande for utforminga. Det er i illustrasjonane som er utforma av arkitekt take omsyn til arkitekturen i område rundt og eigenskapane i byggekulturen for Masfjorden, samstundes som ein har fått fram ei nytenkande og moderne arkitektur. Planen legg til rette for å kunna ivareta nasjonale kulturminneinteresser i aller høgaste grad. Det er lagt inn omsynssoner rundt kulturminner i sjø (båttstøer), ein ynskjer ei heilskapleg utforming mot sjøen som legg opp til meir aktivitet og interesse for området.
2. Fylkesmannen i Vestland 08.06.2020	<p>Fylkesmannen har følgande konkrete innspel til planarbeidet (korte trekk):</p> <p>Strandsone Planarbeidet må fokusera på strandsoneverdiene i området. Vi ser det som viktig at ei eventuell utbygging ikkje skal forring dei verdiane som er i området. Vi tenker både på Storskjeret som</p>	<p>Strandsone: Det er gjort vurderingar knytt til livet i fjæra i planen. Ein har blant anna lagt inn føresegn som ivaretek gyteperioden til kysttorsk som er ein art ein finn i området. Elles er det ikkje knytt noko risiko til utvikling av området då det allereie er svært påverka av per dags dato.</p> <p>Planen legg opp til ei heilskapleg utnytting av området som vil vera svært positivt for lokalbefolkningen. Området vil kunna nyttast av innbyggjarane heile året, men ein tenkjer at spesielt sumarstid vil dette verte ein herleg stad å opphalde seg med fiske og</p>

	<p>landskapselement og tilgjengeleg strandsone. Både utfylling med næringsformål, småbåthamn og nye naust må vurderast opp mot allmenne interesser, tilgjenge, friluftsliv og landskap.</p> <p>Forureina grunn Det må vurderast om det kan vere forureina grunn i området. Vi viser til at det ligg ei ferjekai i nærleiken og at områder rundt ferjekaier kan ha forureina grunn.</p> <p>Naturmangfald Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 og 8 til 12.</p> <p>Folkehelse Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrker helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.</p> <p>Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppvekstilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.</p> <p>Andre merknader: Det skal leggjast til rette for god medverknad i planprosessen. Fylkesmannen stiller til rådighet ved behov for avklaringar.</p>	<p>bademoglegheiter, båtliv, kafe og leikeplass for å nemne noko. Ein vil ikkje privatisere området då dette vil verte ein offentleg stad som alle skal kunna nytta. Det er lagt vekt på universell utforming som og er positivt for mangfaldet i kommunen.</p> <p>Forureina grunn: Tiltak med utfylling i sjø er knytt til forureiningslova og det er difor naudsynt med undersøkingar av området samt søknad til forureiningsmynde. Dette vil såleis verte ivareteke gjennom byggesaka.</p> <p>Naturmangfald: Det er gjort spesifikke vurderingar knytt til naturmangfaldet i planskildringa. Det er ikkje avdekkja funn i vurderingane som gjer at ein kjem i konflikt med §§8-12.</p> <p>Folkehelse: Folkehelsa er ivareteke i planforslaget. Det er lagt vekt på gode uterom som kan nyttast av alle på ein likestilt måte så langt som rår. Ein kan ikkje sjå at planforslaget har negativ verknad på folkehelsa i bygda.</p> <p>Andre: Det er take stor omsyn til næraste nabo som har vore involvert i prosessen med synfaringar saman med kommunen og plankonsulent.</p>
<p>3. Fjon Båtlag 02.06.2020</p>	<p>Innspelet frå Fjon Båtlag: Båtlaget ynskjer at kommunen legg til rette for ny utkøyringsrampe for småbåtar dersom den eksisterande kjem i konflikt med reguleringsplan for Storskjeret.</p>	<p>Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Den eksisterande utkøyringsrampa vert flytta til nordsida av det planlagte bygget.</p>
<p>4. Kystverket Vest 29.05.2020</p>	<p>Hovudtrekk i brev frå Kystverket: Planen rører ikkje ved Kystverket sine interesseområder så fremt planen ikkje er i konflikt ferjesambandet Duesund-Masfjordnes og framtidig omsynssone til ny bru.</p> <p>Tiltak som kan virke inn på tryggleiken og framkoma i farvatnet skal i tillegg til PBL handsamast etter havne- og farvannslova.</p>	<p>Planen kjem ikkje i konflikt med ferjesambandet Duesund-Masfjordnes eller framtidig bru.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning. Det er lagt inn føresegn §3.5.5 som seier at kommunen er hamnemynde etter §14 i havne- og farvannsloven.</p>

	<p>Planområdet som går ut i sjø ligg i kommunen sitt sjøområde og det er kommunen som er hamnemynde etter §14 i havne- og farvannsloven. Kystverket ber om at dette vert tatt med i føresegn.</p>	
<p>5. NVE 10.06.2020</p>	<p>NVE har besvart oppstart med standard formulering til alle reguleringsplanar og ber om at ein varslar konkret ved ønske om å få tilbagemelding på planen.</p> <p>NVE skriv følgande: Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.</p> <p>NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante planutgreiingar innan NVE sitt saksområde må vere lagt ved planen.</p> <p>NVE vil prioritere å gje innspel og uttale til planar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar.</p>	<p>Teke til etterretting.</p> <p>Det er utarbeidd skredfarevurdering for området sidan det låg utløpssone for ras i faresonekarta til NVE. Skredfarevurderinga konkluderer med at planlagt utbygging er tilrådd i høve rasfare.</p>
<p>6. Statens Vegvesen, 09.06.2020</p>	<p>SVV har følgande konkrete innspel til planarbeidet: Her er planen å regulere inn både butikk, naust og friområde/badeplass på eit avgrensa areal. Vi stiller spørsmål om infrastrukturen er dimensjonert for dette. I planarbeidet må det gjerast ei vurdering kring trongen for parkeringsplassar og tilkomst/snuplass for større køyretøy. Både varelevering og renovasjon krev tilkomst med lastebil. Det bør gjerast ei risikovurdering knytt til tryggleiken for mjuke trafikantar generelt og barn spesielt.</p> <p>Tilstreккеleg utbygd infrastruktur må om nødvendig sikrast gjennom rekkjefølgjekrav. Ved planområdet er det fylkesveg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.</p>	<p>Innspelet er teke til følge: Illustrasjonsplan syner parkeringsplassar og snuareal for biler og lastebiler. For å sikre mjuketraffikantar i området er det regulert fortau heilt fram til det kombinerte føremålet. Området har begrensa med parkeringsplassar, men vesentleg betre enn kva dagens butikk har i dag, samt den nye plasseringa vil gje ei mykje tryggare trafikkavvikling. Dagens butikk nyttar i dag same avkøyrsløse som den nye vil gjere, så det vil ikkje vere stor auke i ÅDT for krysset.</p> <p>Mjuke trafikkantar vert og ivareteke med at det vert lagt inn føresegnsområde som gjeldt mellombels fortau langs dagens fylkesveg mot ferjekaien.</p> <p>Det er lagt inn rekkjefølgjekrav om at teknisk plan for avkøyrsløse til FV 570 og fortau langs fylkesvegen mot ferjekai skal vere godkjent av vegstyresmaktene før det kan gjevast rammeløyve til tiltak innanfor området. Det er lagt inn rekkjefølgjekrav om opparbeiding av kryss ved fylkesvegen i tråd med plankart. Det er og lagt inn rekkjefølgjekrav om opparbeiding av mellombels fortau langs fylkesveg mot ferjekai. Det mellombelse fortauet skal nyttast fram til bruplanen vert realisert.</p> <p>Gjennomføringa av oppgradering av kryss og fortau langs fylkesvegen er sikra gjennom rekkjefølgjekrav som seier at det ikkje kan gjevast bruksløyve før dette er ferdigsstilt og godkjent av vegstyresmakta.</p>

<p>7. Vestland Fylkeskommune, 09.06.2020</p> <p>Vestland Fylkeskommune, Seksjon for kulturarv. 14.01.2021</p>	<p>Nokon av merknadane frå Vestland fylkeskommune er allereie nemnt i merknad frå Den Norske Kyrkje. Sjå punkt 1.</p> <p>Elles legg vi her inn oppsummering av merknad frå Vestland fylkeskommune:</p> <p>Fylkeskommunen vurderer at planframlegget ikkje varetek viktige kulturminneinteresser og at planframlegget ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan.</p> <p>Ved dåverande Hordaland fylkeskommune si handsaming av kommuneplanen ved førre rullering var det knytt motsegn til sentrumsfremålet på Storskjeret grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser. Vestland fylkeskommune ser det difor som negativt at ein no ynskjer å gå i mot ein så nyleg vedteken kommuneplan, særleg der det var motsegn til arealet på kommuneplannivå.</p> <p>I det vidare planarbeidet vil det bli stilt rekkjefølgjekrav for etablering av tilbod til mjuke trafikantar og oppgradering av kryss på Fv 570.</p> <p>Då planen omfattar areal i sjø er den sendt til vurdering ved Bergen Sjøfartsmuseum. Masfjorden kommunen vert beden om å ta direkte kontakt med museet for gjennomføring av feltundersøkinga.</p> <p>Dersom vesentlege regionale og nasjonale interesser, ikkje blir ivaretatt i planen, kan Vestland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn.</p> <p>Seksjon for kulturarv vart kontakta direkte for avklaringar mot aktuelle kulturminner, dei hadde følgande merknader:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Heile båtstømrådet skal visast i planen som H570, det gjer det ikkje på planteikning. 2. Butikkarealet BKB bør flyttast nordover slik at det vert luft/buffer mellom kulturminneområdet og butikk/trekai. Lat gjerne slippen vera som den er i dag slik at den dannar ein buffer mellom båtstøene og BKB oat dette også vert del av H570-sona 3. Dei store firkanta takutbygga virkar svært dominerande og er ikkje særleg foreineleg med utsynet frå kyrkjestaden. 	<p>Vurdert i planframlegget. Tiltaket er delvis i strid med gjeldande kommuneplan, men det er vurdert av kommune og planleggjar at samfunnsinteressene veg tungt i ei slik sak der Sandnes står i fare for å misse daglegvarehandelen sin. Dette er også handsama i KU-vurderinga som er gjort. Det er også lagt inn eige punkt i planskildringa om vurderingar av andre plasseringar av butikken i området.</p> <p>Ivareteke i plan, sjå elles kommentarar til SVV sine innspel.</p> <p>Ivareteke. Undersøkingar vart gjennomførte 14.10.2020. Konklusjonen er at det ikkje vart gjort funn som ommfattast av Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §14. Sjøfartsmuseet har elles ingen merknader til reguleringa.</p> <p>Teke til etterretning.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Ivareteke i plan, planområdet er utvida slik at heile området H570 for båtstøene er synt i planen 2) Delvis ivareteke, Felt BKB er flytta 1 meter lenger mot nord. Slippen må flyttast mot nord for at prosjektet skal lete seg gjennomføre. 3) Ikkje tatt til følge. Kommune og plankonsulent har vald å videreføre uttrykket med firkanta takutbygg etter vurdering frå arkitekt. Vi vil påpeike at illustrasjonane ikkje er bindande og at det kan verte endringar fram mot

	<ol style="list-style-type: none"> 4. Drivstoffutsal frå kai? Kor skal det eventuelt vere? Korleis skal det utformast? 5. Varelevering/kontainerplassering? Korleis skal bygget driftast utan at det vert skjemma inn mot kulturminneområdet og kyrkjestaden, eller ut mot fjorden? 6. Utforminga av treplatingen rundt butikken bør reduserast mot båtstøene og få eit meir tiltalende uttrykk enn reint firkanta slik illustrasjonen viser. 7. Sidan kyrkjestaden ikkje er del av reguleringsplanområdet er det ikkje grunn til å legge H570-sone rundt kyrkja slik det vart spelt inn til oppstartmelding. 	<p>godkjenning. Det er lagt inn føresegn om at det må gjerast greie for omsyn til kulturminne og kyrkjestaden i samband med søknad om løyve til tiltak.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4) Drivstoffutsal, varelevering og kontainerplassering skal vere innan føresegnsområdet #2. Endeleg utforming av dette må visast på situasjonsplan til byggesak. 5) Sjå punkt 4. 6) Bilda i planframlegg er illustrerende og ikkje bindande, vi har har foreløpig ikkje valgt å ta dette innspelet til følgje. 7) Ivareteke, H570-sone for kyrkjestaden er teke ut av planen.
<p>8. Øyvind Lilletvedt, 09.06.2020</p>	<p>Merknad frå privatperson og nabo ved gbnr. 30/2, Masfjorden kommune er summert opp med følgande punkter til planen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1.) Ynskjer ikkje badeplass regulert inn. 2.) Har merknadar til namnet Storskjeret. Ynskjer ikkje dette namnet vert brukt. 3.) Ynskjer ikkje naust formål på område som beskrive i merknad. 4.) Informerer om at Storskjeret er hekkeområde for måke og andre sjøfuglar. 5.) Ynskjer å ivareta eksisterande naust. 6.) Ynskjer å fremje viktighet av å ivareta LNF formål. 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Teke til følgje, badeplass er teke ut av plankartet. 2) Ikkje teke til følgje, Storeskjeret er det naturlege plannavnet for området. 3) Her har det etter muntleg dialog med nabo vorte semje om å ha naustføremål i planen for å sikre at det eksisterande naustet kan gjenoppførast dersom det skulle vere naudsynt, det er også sett av plass til eit ekstra naust. 4) Det er i planframlegget vedr. naturmangfald omtalt hekkeområde for sjøfugl. Vi ser det er reservat for hekkande sjøfugl på øyane vest for Holsøya, men kan ikkje finne at det er registrert noko innanfor planområdet. Ytste delen av Storeskjeret vert uansett ikkje berørt av utbygginga, men vert framleis liggande som område for LNFR. 5) Teke til følgje: Eksisterande naust er ivaretake i planframlegget 6) Delvis teke til følgje: LNF-føremålet er ivareteke i stor grad. Det har vore naudsynt med noko utviding av dagens parkeringsareal, og arealet der butikken skal ligge vert også omgjort frå LNF.



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 09.06.2020

Vår ref: 20/02116-4

Dykkar ref:

Reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes i Masfjorden kommune - fråsegn til varsel om oppstart

Vi viser til dykkar brev dagsett 7. mai med varsel om oppstart av reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes. Føremålet er å sikre areal til ny daglegvarebutikk.

Det aktuelle området ligg like nedanfor kyrkja og kyrkjestaden, og bispedømerådet har difor merknader til planane.

All bygging nærare kyrkja enn 60 m (inkl. vegar) skal godkjennast av biskopen. Dette må inn i evt. føresegnar. Tiltak i omgjevnadene berører særleg kulturminneverdiane i området. Sandnes kyrkje er listeført som verneverdig. Delar av Masfjorden kyrkjestad er automatisk freda kulturminne. I slike saker skal bispedømerådet høyra Vestland fylkeskommune. I eit notat skriv dei mellom anna følgjande:

Masfjorden kyrkjestad ligg i dag som eit heilskapleg kulturminnemiljø med stor tidsdjupne, som spenner frå mellomalderkyrkjegarden til den listeførte kyrkja og omgjevnadane rundt den.

Vestland fylkeskommune rår til at det vert lagt inn ei omsynssone c (SOSI-kode H570) med retningslinjer og føresegn jf. § 12-7, nr. 6 for kyrkja og omgjevnadene rundt denne.

Omsynssona bør òg omfatta areal i sjø for å sikra samanhengen i landskapet og siktlinjer utover sjøen.

Ut frå opplysningane om tiltaket som ligg føre i oppstartsvarselet, vurderer vi at tiltaket vil ha stor innverknad på kyrkja og kyrkjestaden sine omgjevnader, med stort konfliktpotensiale. I samband med dokumentasjon og vurdering av kulturminne og verneverdiar i det vidare planarbeidet, er det særskilt viktig at det òg vert visualisert og vurdert i høve til siktline mellom kyrkjestaden og fjorden.

Vestland fylkeskommune rår i frå tiltak som kan bryta opp samanhengen mellom kyrkja og sjøen, og som kan verke utilbørleg skjemma på kulturmiljøet.

Fylkeskommunen har også andre innvendingar, bl.a. knytt til kulturminne i form av fleire båtstø, og dei viser til at reguleringsplanen er i strid med overordna kommuneplan.

På bakgrunn av dette, meiner vi at det planlagde tiltaket vil vera i strid med nasjonale kulturminneinteresser og ikkje bør gjennomførast.

Med helsing

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Masfjorden kyrkjelege fellesråd

Austfjordvegen 2724 5981
MASFJORDNES

Vestland fylkeskommune

Mottakarar:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724 5981
MASFJORDNES

Masfjorden Kommune

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes


2. juni 2020

Innspel til reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes, sak 20/371.

Båtlaget ønsker at kommunen legg til rette for ny utkjøringsrampe for småbåtar dersom den eksisterande kjem i konflikt med reguleringsplan for Storeskjeret.

Vennleg helsing

Fjon Båtlag



Arild Haugsvær

leiar



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til oppstart av detaljregulering for Storeskjeret på Sandnes i Masfjorden.

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.05.2020. Saka gjeld melding om oppstart av reguleringsplan for Storskjeret på Sandnes i Masfjorden kommunen.

Hovudføremålet med planarbeidet er å sikre areal til ny daglegvarebutikk med naudsynt infrastruktur. Planarbeidet vil og ta for seg parkeringsløyising, tilkomst og opphald for småbåtar og sikring av grønstruktur/ friluftsområde med meir.

Planen er ikkje i samsvar med overordna plan på fleire punkt.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen viser til at dette var eit område som vart fremma som sentrumsformål i kommuneplanprosessen. Fylkesmannen vurderte motsegn til forslaget og kommunen valte å ta det ut av kommuneplanen. Etter det vi kan sjå opnar dette planforslaget for mindre fylling i sjø enn forslaget til kommuneplanen og bevaring av deler av området som LNF-formål.

Fylkesmannen har forståing for å kommunen ønskjer å leggje til rette for at Sandnes skal ha ein daglegvarebutikk. Planarbeidet må likevel vise at alternative plasseringar er reelt vurdert.

Strandsone

Vidare planarbeid må fokusere på strandsoneverdiane i området. Vi ser det som viktig at ei eventuell utbygging ikkje skal forring dei verdiane som er i området. Vi tenker både på Storeskjeret som landskapselement og tilgjengeleg strandsone. Både utfylling med næringsformål, småbåthamn og nye naust må vurderast opp mot allmenne interesser, tilgjenge, friluftsliv og landskap.

Forureina grunn

Det må vurderast om det kan vere forureina grunn i området. Vi viser til at det ligg ei ferjekai i nærleiken og at områder rundt ferjekaier kan ha forureina grunn.



Naturmangfald

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 og 8 til 12.

Folkehelse

Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



KYSTVERKET

Vest

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2020/5684-3

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:
29.05.2020

Fråsegn til start av reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes i Masfjorden kommune - Vestland fylke

Syner til brev av 7.5.2020 vedkomne ovannemnde.

Føremålet med reguleringsplanen er å sikre areal til ny daglegvarebutikk med naudsynt infrastruktur. Planarbeidet vil og ta for seg parkeringsløyising, tilkomst og opphald for småbåtar og sikring av grønstruktur/ friluftsområde med meir.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Kystverket har vurdert at planområdet ikkje kjem i konflikt med areal avsett til farleia «Masfjorden» eller med navigasjonsinstallasjonar i området.

Så framt utfylling i sjø ikkje kjem i konflikt med ferjesambandet Duesund-Masfjordnes og framtidig omsynssone til ny bru har Kystverket ikkje merknader til reguleringsplanen.

Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, og må handsamast etter havne- og farvannsloven. Planområdet som går ut i sjø ligg i kommunen sitt sjøområde og det er kommunen som er hamnemynde etter §14 i havne- og farvannsloven. Vi ber dykk ta dette med i føresegnene.



Regionkontor Vest

Sentral postadresse:

Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

I bilde ovanfor er farleia vist med blå stipla linje. Areal med grøn skravor syner kor Kystverket har mynde etter havne- og farvannsloven, og er det geografiske arealet til farleiene jf. *Forskrift om farleder* (FOR-2019-12-11-1834).

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Vestland Fylkeskommune
Avdeling for kultur, idrett og inkludering
(sendast kun på e-post)

Dykkar ref.

Vår ref.

Bergen, 15.10.2020.

Vedr. Reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes i Masfjorden Kommune – Resultat frå marinarkeologiske registreringar.

Vi viser til tidligare korrespondanse i saka. Museet varsla krav om marinarkeologiske undersøkingar i fråsegn dagsett 04.06.2020.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 14.10.2020 dei marinarkeologiske undersøkingane i reguleringsområdet.

Konklusjonen frå undersøkingane er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14.

Vi har elles ingen andre merknader til reguleringa.

Det er mogleg at det kan ligge kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med venleg helsing,

Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum
Marinarkeolog | + 47 55 54 96 11
www.museumvest.no

Frå: Toralf Otnes <toot@nve.no>
Send: onsdag 10. juni 2020 14:02
Til: Post Masfjorden kommune
Kopi: fmvlpst@fylkesmannen.no
Emne: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes - Masfjorden kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 07.05.2020.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon, skred og overvatn

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Omsynet til flaum må og sjåast i samanheng med lokal overvasshandtering. Auka grad av utbygging i nedbørfeltet gir auka del tette flater. Dette bidreg til raskare avrenning og krappare flaumtoppar nedstrøms. Dersom vassdraget ikkje har kapasitet til å ta imot denne auka avrenninga, må det planleggast med tilstrekkelege drygningstiltak i nedbørfeltet som oppveg auken. Dette må gjerast tidleg i planprosessen slik at det vert sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesser, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Dersom det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- [NVE sine sider om urbanhydrologi](#) og www.miljokommune.no gir nyttig informasjon om korleis overvatn bør handterast i arealplanlegginga.
- For vurdering av overvatn kan og følgjande publikasjonar frå Norsk Vann være aktuelle. Norsk Vanns veileder A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshandtering*» og Norsk Vanns

rapport B22 - «Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling»,
<https://www.norskvann.no/index.php/kompetanse/va-bokhandelen>.

- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til nve@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Toralf Otnes

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: toot@nve.no

Web: www.nve.no



NVE

NVE handsamar dine personopplysningar i samsvar med personvernregelverket. Sjå korleis [her](#).



Statens vegvesen

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Kurt Kåre Skagen / 95191945

Vår referanse:
20/83134-2

Dykkar referanse:
20/371 – 20/4619

Vår dato:
09.06.2020

Uttale til oppstartvarsel for reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes i Masfjorden kommune

Vi viser til dykkar brev datert 07.05.20 med uttalefrist 10.06.20.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport

Saka gjeld

Det er varsla oppstart av arbeid med reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes. Hovudføremålet med arbeidet er å sikre areal til ny daglegvarebutikk og tilhøyrande infrastruktur. I kommuneplanen er arealet sett av til parkering og LNF-føremål.

Konkrete innspel til dette planarbeidet

Her er planen å regulere inn både butikk, naust og friområde/badeplass på eit avgrensa areal. Vi stiller spørsmål om infrastrukturen er dimensjonert for dette. I planarbeidet må det gjerast ei vurdering kring trongen for parkeringsplassar og tilkomst/snuplass for større køyretøy. Både varelevering og renovasjon krev tilkomst med lastebil. Det bør gjerast ei risikovurdering knytt til tryggleiken for mjuke trafikantar generelt og barn spesielt. Tilstrekkeleg utbygd infrastruktur må om nødvendig sikrast gjennom rekkjeføljekrav.

Ved planområdet er det fylkesveg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens [handbok V744](#).

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest – Transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Fråsegn til oppstartsmelding for reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes, Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 07.05.20 om oppstart av arbeid med *detalj*regulering for Storeskjeret på Sandnes, Masfjorden kommune. Hovedføremålet med reguleringa er å sikra areal til ny daglegvarebutikk med tilhøyrande infrastruktur. Føremålet er i strid med gjeldande kommuneplan der deler av området er sett av til LNF-område, og parkeringsareal. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer planarbeidet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Kulturminne

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, og at verneverdiane vert vurderte og teke omsyn til - både når det gjeld nærverknad og fjernverknad av tiltaket - i det vidare planarbeidet.

Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Vestland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak. Vestland fylkeskommune kan gjere administrativt vedtak til tiltak som ikkje er av prinsipiell karakter, som har vesentleg negativ verknad på regionale og nasjonale kulturminneinteresser, eller der konsekvensar for kulturminneverdiar ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om moglege finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Like utanfor planområdet ligg Masfjorden kyrkjestad, med mellom anna den automatisk freda mellomalderkyrkjegarden (Askeladden-ID 84404-3) som har nasjonal verdi, og Sandnes kyrkje (Askeladden-ID 84404-4), som er listeført og har nasjonal interesse. Dei listeførte kyrkjene i Noreg blir i praksis handsama som om dei har nasjonal verdi, det vil seie som freda bygg. Masfjorden kyrkjestad ligg i dag som eit heilskapleg kulturminnemiljø med stor tidsdjupne, som spenner frå mellomalderkyrkjegarden til den listeførte kyrkja og omgjevnadane rundt den.

Fylkeskommunen skal etter rundskriv T-3/00 «Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø» handsame nye tiltak innanfor 60-meterssona frå kyrkja i spedbygde område. Ved varsel om oppstart av arealplanar, ved offentleg ettersyn og i byggesaker, skal fylkeskommunen vurdere planens verknad på sjølve kyrkja og kyrkja sine omgjevnader. Vestland fylkeskommune rår til at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringszone kring kyrkja, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.

Vestland fylkeskommune rår til at det vert lagt inn ei omsynssone c (SOSI-kode H570) med retningslinjer og føresegn jf. § 12-7, nr. 6 for kyrkja og omgjevnadene rundt denne. Omsynssona bør òg omfatta areal i sjø for å sikra samanhengen i landskapet og siktlinjer utover sjøen.

Ut frå opplysningane om tiltaket som ligg føre i oppstartsvarselet, vurderer vi at tiltaket vil ha stor innverknad på kyrkja og kyrkjestaden sine omgjevnader, med stort konfliktpotensiale. I samband med dokumentasjon og vurdering av kulturminne og verneverdiar i det vidare planarbeidet, er det særskilt viktig at det òg vert visualisert og vurdert i høve til siktline mellom kyrkjestaden og fjorden.

Vestland fylkeskommune rår i frå tiltak som kan bryta opp samanhengen mellom kyrkja og sjøen, og som kan verke utilbørleg skjemma på kulturmiljøet.

Reguleringsplanen er i strid med overordna kommuneplan, der delar av arealet er vist som LNF og eksisterande parkeringsplass. Ved Storaskjeret ligg det kulturminne i form av fleire båtstø som står i nær samheng med kyrkje og kyrkjegard (Askeladden med ID 102118-1) Reguleringsplanen, som det no er varsla oppstart på, er i direkte konflikt med dei registrerte båtstøa. Ved dåverande Hordaland fylkeskommune si handsaming av kommuneplanen ved førre rullering var det knytt motsegn til sentrumsføremålet på Storeskjeret grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser. Arealet vart difor endra attende frå sentrumsføremål til LNF og eksisterande parkering, og motsegna vart trekt i brev av 21.10.2019. Vi ser det difor som negativt at ein no ynskjer å gå i mot ein så nyleg vedteken kommuneplan, særleg der det var motsegn til arealet på kommuneplannivå.

I saksutgreiinga kjem det fram at fleire areal har vore drøfta, men det er ikkje å lesa kva areal dette er snakk om. Me ber om at det vert gjort greie for kvifor reguleringsplanen er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jamfør *Forskrift om Konsekvensutgreiing*.

Bergens sjøfartsmuseum

Då planen omfattar areal i sjø er den sendt til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet har følgjande uttale i saka:

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld Storeskjeret på Sandnes i Masfjorden kommune. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Tiltaksområdet ligger derimot i et prioritert område for marine kulturminne. Det ligg kirkebåtstøer i tilgrensande område . Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderer vi derfor for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum varslar at vi som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet når saka kjem på ettersyn. Etter Kulturminnelovas §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Vi ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørende gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som vi må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Samordna areal- og transport

Gjennom hovudintensjonen med planen ved tilrettelegging for daglegvarehandel vil dei trafikale tilhøva på staden endre seg. Vi forventar ein auke i trafikken i kryssområdet på Fv 570. Området ligg sentralt til på Sandnes og både bilistar og mjuke trafikantar vil nytte det nye butikkområdet i framtida.

Vi vurderer det som eit viktig trafikalt moment at ferdsel for mjuke trafikantar til og frå området vert sikra. Dette gjeld også frå området med ferjekaia. Daglegvarehandelen vil vere eit naturleg mål for dei som måtte vente på ferja over Masfjorden. Det er ikkje tilfredsstillande med tanke på trafikktryggleiken at folk går til butikkområde mot møtande trafikk .Med dette som bakgrunn er vi av den oppfatning at det må stillast rekkjefølgjekrav i planen om realisering av fortau frå ferjekaia og fram til rådhuset slik det går fram av reguleringsplanen for Bru over Masfjorden. Vi vil også oppfordre til liknande tiltak på kommunal veg fram til Storeskjeret. Kryss på Fv 570 frå Storeskjeret skal også utformast slik det går fram av planen.

Vestland fylkeskommune ved Infrastruktur og veg har fokus på etablering av fortau og kryss på Fv 570 ved denne planen. Dette skal vere i samsvar med det reguleringsplan for Bru over Masfjorden

legg opp til. Vegnormal N100 og Veglova vil vere viktige dokument i det vidare arbeidet med planen. Det vil bli stilt rekkjefølgjekrav for etablering av tilbod til mjuke trafikantar og oppgradering av kryss på Fv 570. Dersom det er spørsmål i det vidare om ovannemnde ber vi Dykk ta kontakt med oss.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Fylkeskommunen vurderer at planframlegget ikkje varetek viktige kulturminneinteresser og at planframlegget ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan.

Ved dåverande Hordaland fylkeskommune si handsaming av kommuneplanen ved førre rullering var det knytt motsegn til sentrumsføremålet på Storeskjeret grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser. Vestland fylkeskommune ser det difor som negativt at ein no ynskjer å gå i mot ein så nyleg vedteken kommuneplan, særleg der det var motsegn til arealet på kommuneplannivå.

I det vidare planarbeidet vil det bli stilt rekkjefølgjekrav for etablering av tilbod til mjuke trafikantar og oppgradering av kryss på Fv 570.

Dersom vesentlege regionale og nasjonale interesser, ikkje blir ivaretatt i planen, kan Vestland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn.

Med helsing

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Arvid Hauge
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for plan, klima og folkehelse
Helene Moe, Solveig Lohne Rongved, avdeling for kulturarv, Vestland fylkeskommune
Sigmund Matias Bødal, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland Statens hus - Njøsavegen 2

Frå: øyvind lilletvedt <olilletv@hotmail.com>
Send: tysdag 9. juni 2020 21:20
Til: Post Masfjorden kommune
Emne: Sak 033/2020 innspill reguleringsplan Storskjeret

Vi ble kontaktet av styret i Sandnesbutikken AS da de ville bygge ny butikk ved gamle slippen.

Vi stilte oss positive til det.

Vi som grunneiere ønsker ikke at ny reguleringsplan skal ha navnet Storskjeret da ny butikk ikke skal bygges på Storskjeret.

Sigmund Holmås som har laget skisse til reguleringsplan for slippen Sandnes formål nytt forretningsbygg m.m har fortalt oss pr telefon at grunnen til at han har redusert vårt naustområde til 100 M2 plass til 2 naust er kun hvis vi som grunneiere ønsker å bygge oss et naust eller uthus til. Dette skal fjernes fra reguleringsplanen da vi ikke har behov for et naust til der.

De har også utvidet badeområde mellom parkering og skjæret. Grøntstruktur badeplassområde blir ikke akseptert fordi her går vei bort til planert nausttomt ved Storskjeret.

Det er planert ut i enden av parkeringsplass.

Vi har domspapirer fra Nordhordland tingrett ,saksnr.38/1966B. her kan dere lese at vegvesenet har sprengt ut og planert ut til nausttomt som erstatning for et naust som måtte fjernes når fergekai ble utvidet.

Storskjeret er hekkeplass for måker og andre sjøfugler.

Sigmund Holmås sa til oss at grunnen til at badeplass var tegnet inn på vår nausttomt var for at det skulle se fint ut i søknaden og dermed blidgjøre fylkesmannen.

Det er viktig å ivareta LNF område. Hele dette området er LNF område. Det er offentlig badeplass på Sandnes 150 meter lenger oppe.

Vi har båtplass mellom skjæret og slippen. Naustet vårt nærmest parkeringsplassen brukes idag som tørkeplass for materialer og oppbevaring av høy som har blitt gjort i generasjoner på vårt bruk.

Mvh .

Øyvind og May Wenche Lilletvedt
Gnr 30 br 2

Skaff deg [Outlook for Android](#)